

# **VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I SOLUND KOMMUNE (FORSKRIFT)**

Gravpassvedtekene er eit supplement (forskrift) til gravferdslova med forskrift. Med heimel i Lov av 7. juni 1996 nr 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) §21.

Vedtekene er fastset i Solund sokneråd 06.06.2019 og godkjend av Bjørgvin bispedømeråd 26.06.2019.

Vedtekene trer i kraft frå og med 01.11.2019.

Kontaktperson for gravpassforvaltninga i Solund sokn er kyrkjeverja.  
Kontaktinfo.: 577 86209, [kyrkjeverja@solund.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@solund.kyrkja.no)

## **§ 1 FORVALTNING**

Gravplassane i Solund kommune er underlagt Solund sokneråd sitt administrasjons- og myndighetsområde.

## **§ 2 DEFINISJONAR**

**Gravpassforvaltning:** Solund sokneråd under utøving av sitt forvaltningsansvar for gravplassane i Solund kommune, jf. gravferdslova med forskrifter.

**Fri grav:** Grav som gravpassforvaltninga har tildelt en avliden person frå kommunen og som det ikkje betalast festeavgift for i fredningstida.

**Festa grav:** Grav som festast mot betaling av avgift.

**Festa gravstad:** Fleire kistegraver som er festa saman.

**Urnegrav:** Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravferdsforskrifta § 14. Dette gjelder ikkje § 8 Namna minnelund der det med urnegrav siktast til grav med plass til éi urne.

**Kistegrav:** Grav som ivaretak forskrifta sine krav til størrelse for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggast urner.

**Fredingstid:** Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk att til ny gravlegging.

**Festetid:** Tida det er avtalt å feste ei grav for.

**Ansvarlig for grav:** Den som er ansvarleg for ei fri grav.

**Festar:** Den som står som part i ei festeavtale.

**Anonym minnelund:** Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

**Namna minnelund:** Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

## **§ 3 FERDSEL PÅ GRAVPLASSENE**

Besökande skal så vidt mogeleg ferdast gåande, jf. gravferdsforskrifta § 9 (2). Evt. køyring skal skje med ekstra varsemd.

## **§ 4 GRAVPLASSTILHØRSLE**

Avlidne personar som ved dødsfallet var manntalsførte i kommunen har rett på fri grav på gravplass i kommunen. Dette gjeld òg om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd utanfor kommunen dei siste fem åra, og av den grunn ikkje er manntalsført der.

Gravpassforvaltninga kan gje løyve til at også avlidne personar utan bustad i kommunen kan gravleggast på ein gravplass i kommunen, men då vert det kravd dekning av kostnader ved gravferda og avgift som ved feste av grav.

## **§ 5 FREDNINGSTID**

Fredingstida er 30 år for kistegrav og 20 for urnegrav.

Gravpassforvaltninga kan vedta lengre fredingstid for einskilde graver.

## § 6 FESTE AV GRAV

### **Bestilling av feste**

Når kistegrav skal tas i bruk er det anledning til å feste ein grav ved sida av for fem år om gongen. Evt. ei ekstra grav i tillegg, dersom behovet tilseier det, etter søknad til gravplassforvaltninga. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av særskilt urnegrav kan det ikkje festast ei grav ved sida av.

### **Opphøyr av feste**

Når fredingstida/festetida er omme, kan grava festast vidare for 5 år om gongen. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Dersom festet ikkje vert fornya innan 6 månader etter at varsel er sendt, fell grava eller gravstaden attende til gravplassen og kan fritt nyttast om att av gravplassforvaltninga.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging kan festet ikkje fornyast utan etter særskilt samtykke frå gravplassforvaltninga

### **Sletting/gjenbruk av festa grav**

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan festarens samtykke.

Dersom det ikkje er mogeleg å hente inn festaren eller den ansvarlege for grava sitt samtykke til sletting eller bruk av ei grav, kan gravplassforvaltninga avgjere bruk av grava.

Festar pliktar å melde adresseendring.

Ved ny gravlegging i festa grav tilkjem ny frigravsperiode. Resterande tid av gjeldande festeaftale fell vekk og innbetalt festeavgift tilfell gravplassforvaltninga.

Innbetalt festeavgift betalast kun attende dersom slik refusjon fyl av bindande rettsreglar eller det føreligg særskilde grunnar.

## § 7 GRAV OG GRAVMINNE

### **Opning av grav**

Når ei grav vert opna, kan jord leggast på gravene omkring og gravutstyr kan mellombels flyttast. Gravplassforvaltninga syt for istandsetting att og vil planere og tilså med gras etter gravlegging.

### **Gravminne**

Montering av gravminne gravplassforvaltninga ved kyrkjeverja har godkjent, kan skje på tilvist plass når jordmassane har sett seg etter oppgraving, tidlegast etter 6 månader for kistegravlegging. Gravminne på urnegrav kan setjast opp rett etter urnenedsettinga. I tida før gravminne kjem opp, syter gravplassforvaltninga for planering og merking av grava.

### **Plassering**

På ny dobbelgrav/festa gravstad vert gravminnet plassert i bakkant av den grava som vert teken i bruk, eller sentrert mellom gravene.

### **Skader**

Gravplassforvaltninga har ikkje erstatningsansvar for skade på gravminne og lause dekorgjenstandar som følge av vanleg vedlikehald og drift av gravplassen.

## **§ 8 PLANTEFELT**

Det er mogeleg å opparbeide plantefelt framfor gravminnet i høgd med bakken omkring. Dersom det ikkje er plantefelt skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

### *Dimensjonar*

Plantefeltet skal ikkje vere breiare enn gravminnet. Dersom gravminnet er lite, kan plantefeltet likevel vere opp til 60 cm bredt.

Plantefeltet skal ikkje vere lengre enn 60 cm målt frå gravminnet sin bakkant.

Ein gravstad/festa grav kan berre ha eitt plantefelt.

### *Beplantning*

I plantefeltet må det ikkje plantast blomar eller andre vokstrar som overstig gravminnet si høgd, går ut over plantefelt eller skjuler gravminnet. Dersom vokstrar i plantefeltet vert høgre enn gravminnet eller veks utover plantefeltet på 60 cm, kan festar/ansvarleg bli pålagt å skjære ned/fjerne planta/buska. Evt. vert det fjerna av gravplassforvaltninga.

### *Innramming*

Eventuell innramming av plantefeltet skal flukte med terrenget omkring. Innramming med større anleggsflate enn normal kantstein (planteplate) kan difor berre nyttast når terrenget er flatt, og skal då leggast i drenerande masse (grus) og vere minst 5 cm tjukk. Planteplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman. Slik innramming skal godkjennast av gravplassforvaltninga ved kyrkjeverja.

### *Dekorgjenstandar*

Eventuelle dekorgjenstandar montert på gravminnet, på planteplate eller i plantefeltet skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for normalt vedlikehald inntil og rundt gravminnet/plantefeltet. Dekorgjenstandar skal vere sømelege og av ein kvalitet som tåler tilhøva på gravplassen. Ansvarleg for grav skal førebygge at lause dekorgjenstandar ikkje bles bort, og skal fjerne gjenstandane, som dømesvis lys og kransar, etter bruk.

Levande lys kan kun nyttast på grava så lenge dette er i tråd med gjeldande reglar om brannvern.

Gravplassforvaltinga har ikkje erstatningsansvar for skade på dekorgjenstandar i plantefeltet, innramming av plantefelt eller plater i plantefeltet, når skaden skuldast vanleg drift av gravplassen

## **§ 9 MATERIALBRUK**

Plantar, kransar og liknande materiale som vert brukt ved gravferd eller pynting av grav, og som endar som avfall, skal i si heilheit kunne komposterast.

## **§ 10 STELL AV GRAV**

### **Gravansvarleg sitt ansvar**

Den som er ansvarleg for grav i fredingsperioden (fri grav) eller festar ei grav, har rett og plikt til å stelle grava i samsvar med lov, forskrift og gravplassen sine vedtekter. Plantefelt som over tid ikkje plantast i eller vert stelte skal ryddast og såast til med grasfrø av den ansvarlege eller av gravplassforvaltninga.

Gravansvarleg eller festar pliktar å halde gravminne sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan inngå avtale om at soknerådet og den som har tillating etter § 10 kan gjere planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminne. Ei slik avtale fritek ikkje ansvarleg for grav eller festar for ansvar etter den til ei kvar tid gjeldande reglar.

## **§ 11 BÅREROM**

Gravplassforvaltninga disponerer båreromma i tilknyting til kyrkjene. Båreromma skal berre nyttast til å ta vare på avlidne fram til gravferda, og ingen har tilgjenge til båreromma utan løyve frå gravplassforvaltninga. Liksyning kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

## **§ 12 NÆRINGSVERKSEMD**

Næringsdrivande som ønsker å drive verksemد på gravplassane må ha løyve frå soknerådet. Løyvet kan kallast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter gjeldande reglar. Næringsverksemد skal avgrensast til å gjelde montering, sikring og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

## **§ 13 ARBEID PÅ GRAVPLASSANE**

Anlegg- og vedlikehaldsarbeid skal skje kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagar eller offentlige høgtidsdagar. Inga arbeid på gravplassen må være til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller bygning på gravplass. Næringsdrivande kan kun køyre på gravplassen i den grad det er naudsynt for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje med ekstra hensyn.

## **§ 14 Verna graver/område på gravplassane**

Gravplassforvaltninga har oversyn over graver/område på gravplassane som er vedteke verna og dei aktuelle gravene er merka av på gravkart og i gravregister. Det visast til vedtak «Vern av gravminne på Straumen, Solund og Hersvik kyrkjegard», av 11.04.2002.

Soknerådet må inngå avtale med festar om særskilte rettar og pliktar ved vern av grav. Soknerådet kan ikkje krevje at festar inngår slik avtale om vern.

På verna graver kan ikkje gravminne og anna utstyr på gravene flyttast eller fjernast når dei har stått på grava i 50 år eller meir.

Det kan leggast til namn på gravminnet på skriftflata, eventuelt på baksida. Alternativt kan det monterast ei liggande namneplate av same materiale og med same overflatebehandling som gravminnet har. Storleik og plassering skal godkjennast av gravplassforvaltninga.

Ved tilvising av grav på verna område på gravplassen, skal gravutstyr som harmonerer med eigenarten på feltet nyttast.

Gravplassforvaltninga kan etablere godt merka «museumsområde» på gravplassane for å vise gravminne som har verneverdi, men som ikkje står på den opphavlege plassen sin.

## **§ 15 STENGING AV GRAVPLASSOMRÅDE**

Gravplassforvaltninga kan stenge av heile eller deler av gravplassen etter [gravferdsforskrifta § 5](#), dersom det er naudsynt.